

Oppsummering frå kaffimøte med næringslivet 06.sept.2022:

Kommunalsjef frå Samfunn og utvikling orienterte:

- Kommunedelplan for Gol Tettstad, ferdig med trafikkanalyse og i dialog med Statens Vegvesen om tolkning av resultatet. Det kan væra at om trafikkteilingane viser ein mykje større vekst enn Gol kommune har lagt til grunn ved regulering at ein må godta å justere ned utnyttelsen på næringsareala.
- Kommuneplan – arealdel, fleire personar med innspel har levert inn justerte bidrag som fører seg meir til planen, desse blir samla opp og sett opp i eige sak til kommuneplanutvalet i haust. Nye innspel blir ikkje tatt omsyn til.
- Reguleringsplan Gamle Gol skule, dialog med Statens Vegvesen om trafikale løysingar på krysset ovanfor Vonheim mtp auka trafikk når det leggjast til rette for 72 nye einheiter. Ser ut som om dette kan gå i orden. Kommunen har «gitt slipp» på å nytte same kryss til sine planar for utvikling av Glitrehaug og må difor sjå på andre løysingar for dette.
- Reguleringsplan Storøyne, innsigelsar frå alle myndigheter, opplevast som ein omkamp på definisjon av varegrupper (detalj, volum, plasskrevjande) og det er difor bedt om ein dialogmøte lokalt for å prøve å løyse dette. Kommunen meinar dette arealet ikkje skil seg frå reisten av området (Viko) mens fylkeskommunen meinar dette ikkje kan sjåast i samanheng.
- Smedvegen, deltajprosjekterast no og politikarane vil få investeringa i budsjettsaka no i haust. Tanken er å starte etter nyttår. Obs, her krevs det nytt VA-anlegg og det vil måtte koma først.

Visit Gol orienterte:

- Endringar i bemanning, Tone flyttar og det søkjast etter ny medarbeider
- Attendemeldingar frå i sumar og Goldagan.
- Litt om Fårefestivalen
- Strategiarbeid, kva er Gol? Visit Gol har leigd inn ein «mystery shopper» som har vøre rundt i Gol for å fange essensen av kva Gol er. Funna vil bli presentert via Visit Gol etterkvart.

Bulystprosjeakteiar Jorun orienterte:

- Arbeidet rundt marknadsføring er styrka etter at ein søkte næringsfondet om 70 000,-. Dette dekkjer arbeidet som skal utførast på SoMe av Nina Lessner.
- Opplever at både næringslivet men og privatpersonar ynskjer å bidra på Instagram take-over. Det er laga eigen oppskrift og prosjeakteiar hjelper dei som ynskjer å bidra med dette.
- Oppstart med å kontakte gamle ungdomsskuleelevar no i haust.

Hallingdal Næringshage orienterte kort om Hallingdalskondferansa:

- Gikk igjennom programmet og erfaringane frå konferansa
- Ynskjer attendemeldingar på sjølve konferansa

Ordføraren orienterte:

- Samferdsel, det er ikkje lyse utsikter for Ringeriksbanen men kollegiet i Hallingdal jobbar intenst vidare for å påvirke alt ein kan. Det er dialog med Oslo om allianse for å knytte dei store byane til prosjektet betre. Kollektivpiloten Brakar Flex Gol Sentrum er ferdig og rapport er framlagt. I kort så er det ikkje marknadsgrunnlag for å vidareføre dette tiltaket, ein vil i så fall være avhengig av lokal finansiering.
- Campus Hallingdal, det er vedteken projektplan, prosjektansvarleg og prosjektleiar. Arbeidet med å skaffe grunnlag for korleis Campus Hallingdal kan sjå ut og innehalde er då i gang parallellt med at ein jobbar med lobbyisme.